

**Nord-Aurdal kommune**  
**Utvalgssak**

<b>Behandlet av</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr.</b>	<b>Saksbehandler</b>
Planutvalget	29.06.2006	048/06	nyhgun

---

## Reguleringsplan for Damtjednet vest

### Vedlegg:

Kartutsnitt

### Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	12.01.2006	Oppland fylkeskommune	92/17 Damtjednet vest - kulturminner
2	I	16.01.2006	Heggelund & Koxvold	Reguleringsbestemmelser for reguleringsplan
3	I	13.02.2006	Oppland fylkeskommune	Merknad til reguleringsplan, Damtjednet vest
6	U	16.05.2006	Iflg. adresseliste	Reguleringsplan for Damtjednet vest er godkjent
7	U	16.05.2006	Valdres	Annonsetinging 20.05.06
9	I	31.05.2006	Per Tyridal	Kommentar til godkjent plan
10	I	06.06.2006	Annie Heggstad	Merknad til reguleringsplan
8	U	06.06.2006	Heggelund og Koxvold AS	Rekning for behandling av reguleringsplan for Damtjednet vest
11	I	07.06.2006	Gråndalsvegen Vel	Klage på reguleringsvedtak
12	I	12.06.2006	Vivianne Jodalen og Bjørn Rudberg	Innsigelse/klage på reguleringsvedtak i sak 017/06, Damtjednet vest på Aurdalsåsen

### Saksopplysningar:

Reguleringsplan for Damtjednet vest vart eigengodkjent av kommunestyret 30.03.06 og reguleringsvedtak vart meldt 16.05.06 og annonsert 20.05.06. Klagefrist var 10.06.06.

Kommunen har ved utløpet av klagefristen motteke to klager på reguleringsplanen og to kommentarar som ein ikkje oppfatar som klager på reguleringsvedtaket. Klagen dreier seg om plassering av avkøyringa til dei nye tomtene på Damstølen.

### *Klage frå Gråndalsvegen vel*

Avkøyringa frå Gråndalsvegen til Damstølen, eigedom 92717, har fått ein svært uheldig plassering, og vil medføra unødvendige og uønska terrenginngrep. Avkøyringa bør flyttast 10-15 meter lenger søraust til ei flate der det alt er avkøyring. Har forstått det som at intensjonen til både arkitektfirmaet og kommunen var å imøtekoma tidlegare merknad om å flytta avkøyringa. Har lagt ved ein del fotodokumentasjon.

Både leiar i velet og kommunen har vore i kontakt med arkitektfirmaet som har representert grunneigar for å unngå at det vert gjort noko i området før klagen er behandla.

### ***Klage frå Vivianne Jodalen og Bjørn Rudberg***

Vegen inn til dei nye tomtene på Damstølen er trekt utanfor bommen og litt nedover mot parkeringsplassen slik dei ønska, men ikkje lenger enn at han går rett utanfor hytta deira. Dersom vegen blir lagt der han er vist på plankartet blir det eit vegkryss rett ved biloppstillingsplassen deira. Dei ser for seg auka trafikkstøy og forureining, og stiller spørsmål ved kor snøen frå krysset skal leggest ved brøyting.

Skriv at det berre er ei lita endring av vegen som skal til for at dei ikkje har innvendingar. Føreslår å leggja vegen inn frå maskinoppstillingsplassen på venstre hand rett etter brua i Gråndalsvegen. Den fine haugen der vegen no er vist, bør takast vare på.

-----

Administrasjonen har vore i kontakt med grunneigar på Damstølen vedr. flytting av vegen 10-15 meter. Grunneigar har vist til at han har selt arealet der tomtene ligg, og vist til advokat Sigurd Bang som har hjelpt til i samband med salet. Ved kontakt med Bang 16.06.06 opplyste han at han trudde dette var i orden for kjøpar, men at han skulle sjekka det opp å gje tilbakemelding. Bang har ikkje gjeve nokon tilbakemelding om at kjøpar har innvendingar, og det har heller ikkje vore muleg å få tak i Bang per telefon etter samtala.

### ***Kommentar frå Per Tyridal***

Eig 91/71 som er slege saman med 91/74. Ser ut som det på plankartet ligg eit areal nord for eigedomen deira som tilhøyrer 91/6. Eigedomen deira har grense mot 91/140. Heile det grønne arealet tilhøyrer dei. Håpar at dette kan rettast i nær framtid slik at ingen får det for seg at det ligg eit friområde her.

### ***Kommentar frå Annie Heggstad***

Tomta deira er ikkje avmerka riktig, manglar tilleggsdelane 92/181 og 92/186.

Stiar stemmer ikkje med terreng slik dei er avmerka på kartet for utbygginga. Viser til eit vedlegg som manglar med ein sti nord-nordvest frå Damstølen, og at denne manglar på plankartet. Den stien som er vist i reguleringsforslaget frå Kvitingvegen over tomt 20 og som svingar nordaustover, er ikkje synleg i terrenget, og ikkje i bruk. Stien ville gått inn i eit dam-/myrområde der det periodevis er ope vatn kvart år. Myrområdet er ikkje avmerka på kartet, og er del av tomt 2 og 3. Myrområdet er etter deira skjønn verneverdig.

Hevdar at dei innteikna verneområda er noko feilplassert, og at det mulegens er fleire av dei langs stien som dei viser til over.

Viser til at det først ved innarbeidinga av dei nye tomtene, særleg godkjenning av tomt nr. 47, at dei har funne det nødvendig å gjera skriftlege merknader til planen. Rekna i utgangspunktet med at dei freda områda ville bli respektert av styresmaktene. Med det så ville eksisterande og brukte ski/løype vore korridoren/sambandet til stien/løypa langs Damtjednbekken. Ber om at stien/løypa til skiløypa langs vestsida av Damtjednbekken vert oppretthalde.

### **Vurdering:**

Gnr./bnr. 92/181 og 186 er påført plankartet. Kommunen er kjent med at avgrensinga av eigedomane 91/71 og 92/87, 181 og 186 ikkje nødvendigvis er rett i og med at ein ikkje har klare grenser å gå utifrå, berre skulddelingsforretningar. Dette gjeld for øvrig mange eigedomar i planområdet. På plankartet er vist eit vilkårleg areal på maks. 2 daa kring etablerte hytter der det kun føreligg skulddelingsforretning, for nokon tomter er arealet som er vist som byggeområde mindre enn 2 daa, men ein er oppmerksom på at tomta kan vera større.

Plasseringa av kulturminna er målt inn med GPS av kulturvernseksjonen i Oppland fylkeskommune, og det er dei som har gjeve løyve til at 5 av kulturminna kan fjernast etter først å ha blitt gravd ut. Kulturvernetaten i fylket har vore på synfaring i området to ganger, siste gangen etter opplysningar frå kommunen om mulege uregistrerte kulturminne.

Stien som er vist på reguleringskartet ligg i kartgrunnlaget. Kjente stiar skal pørast plankartet i samsvar med tidlegare vedtak.

Intensjonane med å flytta avkøyringa til dei nye tomtene på Damstølen var å imøtekoma fleire merknader som gjekk på den opprinnelege plasseringa av denne. I ettertid viser det seg at lokaliseringa som er vist på plankartet medfører store terrenginngrep. For å unngå dette bør avkøyringa flyttast 10-15 meter slik at ein unngår dette.

Rådmannen tilrår derfor å imøtekoma klagane på plassering av avkøyring til Damstølen, og flytta denne 10-15 meter lenger søraut.

### **Forslag til vedtak:**


Planutvalet vedtek at avkøyringa til Damstølen skal flyttast 10-15 meter lenger søraut.

### **29.06.2006 Planutvalget**

#### **PU-048/06 Vedtak, enstemmig:**

Planutvalet vedtek at avkøyringa til Damstølen skal flyttast 10-15 meter lenger søraut.

.....



Prinsippskisse som viser foreslått sone for den justerte avkjøringen til utbyggingsområdet på eiendommen Damstølen.